Førsteblad 1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Modalen

Emne: Høgtidsmat ved familiefester. Bygdelag: Eksingedalen

Oppskr. av: Jakob A. Lavik. Gard: Lavik

(adresse): Eksingedalen G.nr. 90 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle., og eldre bukfarne folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Fødselen.

1 Det var, er og, skikk at grannekonor og slektningar kjem med mat til barselkona.

2. Dei kom gjerna ei for ei med barnsengmat, men det hende og, at tvo elder fleire konor, som var nære slektningar, elder beste godvenene til barnsengkona, kom ilag, då vart no laget sers festlegt.

3. Dei som kom ilag, avsnakka kva dei skulde ha med seg. Hadde dei noko lang og dålegveg, so tok dei t. d. kjømegrautemne med seg, og sveisa grauten ilag, i kjøkenet til barnsengkona.

4. Frå og med fjorde dagen etter fødsla tok dei til og koma med barnsengmat, sjeldan før.

5. Kvar kunde koma ein gong.

6. Frå gammalt var det kjømegraut dei kom med. Attåt kom dei med flatbrød av det finaste og beste dei hadde, og hadde dei kringlor var det no sers stas med det. Når grauten var boren fram til barnsengkona, og ho var byrja smaka på han, spurde ho, elder dei som kom med maten: Får eg - me - sjå guten - gjenta - di? Det måtte dei val. Og so kom kjerringane i eitt heilt søg, kven barnet likna på, far elder mor, elder Godfar elder Godmor, på ei av sidorne. Um so var at dei som kom med

8352

barnsengmat, kom med matemne og koka i huse til barnsengkona, so skulde dei ikkje sjå på barnet før maten var ferdig og sett fram.

7. Ingen gjekk meir enn eingong med sending til barnsengkona, utan mor elder syster. Der var då ingen regel kva dei skulde bera med seg. gjekk dei meir enn eingong kunde dei koma utan noko.

8. Det eldste var at dei bar barnsenggrauten i ein ambar; elder eitt stort trefat, som dei knytte inn i ein duk. So kom skåler av steinty, då vart dei grüsare. Det hende at brune leirfat og vart bruka. Blekkfat vart nok aldri bruka. Kom dei med matemne til huset, og laga det til, fekk dei høvelege kjørald hjå barnsengkona. Det hende nok og at "utagards" kjeringar bar matemne tilgards, og koka hjå ei grannekona til barnsengkona, og lånte kjørald der dei heldt seg.

9. Grauten vart kalla for barselgraut. var det andre ting, som no kan treffa, er det sengemat.

10. Det var kona i huset som skulde ganga med sengemat. Hødde det so at kona ikkje kunde sleppa ifrå, so kunde ei vaksi dotter ganga. Tenestgjentor gjekk nok ikkje slike ærend, utan noko pers var i vegen for dei andre kvinnor i huset.

11. Mannen i huset var nok aldri med i sengematveitla. Hev aldri høyrt um det.

12. Javisst skulde sendingsfolket ha traktering, og det av det beste huset hadde. Rjomekolla, gjerna med spikekjøt, um det var årstidi til det. Barnsenggrauten kunde dei nett smaka på. Då so kaffien kom skulde sendingsfolket ha kaffi, med det beste huset kunde "formå". Trakteringi var lik, anten det var gut elder gjenta

13. Slike gjestebod heitte sengematveitla

14. Nei, slike gjestebod elder veitle er ukjende.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
8352

15. Ja, det var nok skikken, at ein gjekk med barsengmat berre til gifte mødre. Det var svært sjeldan her var ugifte møder, og det var rekna so, at i det uføre dei var komne burti, var det ikkje hyggjelegt å uroa dei.

16. Skikken med å koma med annar barsengmat enn rjomegraut, kom vel helst etter 1920 åri. Men heilt igjenom hev ikkje den skikken vunne, endå dei no kan koma både med Formkakor, Blautkakor og store Kringlor. Formkakor og Blautkakor er heimelaga, store Kringlor vert kjøpte frå bakar.

17. At konorne hadde nokor gåva til den nyførde
og når dei kom med sending var ikkje vanlegt.
18. Og det er slik endå.

19. Ved barnedåpen vart helde ei liti veitla. Då var med husfolket, næraste skyldfolket, og gode vener, og so fadrane.

20 Slike lag, som nemnt under sp. 19, heitte dåpsveitla. Her vart, frå gamalt ordet "veitla" brukt, ikkje "Kalas" elder slikt namn. "Ei liti veitla". Større lag var gjestebod.

21. Næraste skyldfolket, mor, syster, hadde gjerna sending med seg til dåpsveitla, det var ikkje vanlegt at andre hadde det, utan i sers høve.
Kuriosum: Under fyrste storkrigen var det barnedåp på ein gard her i dalen. Barnedåpslaget hadde noko lang veg, laut framum fleire gardar. Kjeringane i barnedåpslaget tok grautemne med seg heimanfrå, og sette det inn på ein gard, umlag midtvegs millom Kyrkja og heimen. På heimvegen frå Kyrkja stogga laget, der matemnet stod, og kjeringane kveika ein feit rjomegraut. Ein som treffte til å koma innum, sa at slikt var vel ikkje heilt

8352
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

hovlegt, dei skulde laga kmór og senda til byen.
Gudmori svara: "Detta er vårt, me eiga det no,
og tykkje ikkje me få somykje hjå dei i byen
heller."

22. Gudmori - ho som bor barnet til dåpen -
gav dåpsbarnet ei liti gåva. dei andre fadrane
var det ingen regel for,

23 og det er soleis endå.

Fødseldag.

24. Det var nok sjeldan nokor høgtid med års-
dag i eldre tider. Det hende for born, og for
dei som var gamle. 75-80 år elder meir.

25. Årsdag for vaksne vert ikkje halde kvart år,
no heller, det vert no ved dei høge tali.
Og visst ikkje byrja før ved 50 år.

26. Årsdagslag er for folk som vert bedne.

27. Det er dei som er med i eitt slikt lag som
kjem med gåvor.

28. I eldre tider var det gamaldags festmat
- rjomegraut og lutefisk - når ein godfar
elder godmor hadde 75-års dag, elder meir.

29. No er det gjerna ein kjøtmiddag ved eitt årsdag=
gilde. For born kan det vera sjokolade og
kringla, kaka med ljos på. Dei eldre held
seg til kaffeen.

Konfirmasjonen.

30. I dei eldste tider og heo høgst ein, var det
ikkje stort fleire i laget enn huslyden. Og so
Godfar og Godmor, som var so nære med at dei
kunde koma. Dei gav konfirmanten ei gåva,
salmebok. guten fekk gjerna hatt. gjenta fekk
Bringklut. Brystduk. - til najonalbunad. Maten
til eitt slikt lag var det beste huset hadde. Og um
det var konfirmanten si høgtid. so var gjerna beste-
foreldri høgtidsgjester enno meir

8352
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

31. og 32. No er Konfirmasjonslag meir ålment. Nokre få av dei beste venene til Konfirmanten vert bedne med, og to næraste slekti som kan koma. Slike lag kom småtť um senn i bruk frå 1920 og utetter.

33. Sendingar til Konfirmasjonslag er lite brukt, som før.

34. Dei som er bedne i Konfirmasjonslag gjev gjerna små gåvor, sjølv um dei ikkje kan koma i laget. Andre sender berre helsingar til Konfirmanten.

35. Bestemte retter eller kake er det ikkje, og hjå mange er det slik, at til ei slik høgtid vil dei ha festmat at dei beste huset hev å bjoda. Um dei kjøper ymse matemne bør det lagast til i heimen.

Brudlaup.

36. At det vart halde belaveitla hugsa eg inkje, men eg veit det vart halde fram til kring 1880. Då var gardsfolk og nære slekt med. No vert det - av og til - halde små belelag, men det for husfolk og nær slekt.

37. I eldre tider vart det både bryggja og baka til ei beleveitla, no er det heilt slutt. Og so er det berre ein ettermiddag folk er saman, til eitt par matmål, det er meir enkelt no enn før.

38. Ved brudlaups som vara fleire dagar, var det før, til festmat fyrste dagen: Um morgen: Lutefisk, smør og flatbrød - det eldste, som nådde nett fram i mitt minne, var heima brygg drikka til maten. Deretter mjølk, og den fekk dei hjå grannar og andre, sjølv um dei ikkje var med i brudlaupet. Middagsmat: Kjøt poteter og kjøtsupa. Nonmat og kveldsmat: Heima - steikte julekakor - Krotakakor - smør og mjølk. Um morgon andre dag. Supa, smør og flatbrød. Middag: Lutefisk og rjomegraut, rjomegrauten vart gjerne borne med. Nonmat, som fyrste dagen. Vara brudlaupet tri dagar - som hende - so var morgonmaten gjerna lutefisk, middagsmaten kjøtsodd, og nonmaten kaka med smør. Til alle tider var

Var i byrjinga og draumen, som var eldsrett - til mat alle mål.

8352

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det heimabrygg til drikka. Når laget skildest heldt "matetravorane" fest på leivningane. Men desse gamledags brudlaupi vart jamt til fyllelag umi der var litt rikeleg heimabrygg

39. Til slike store brudlaups gav gjesterne sending, kjøt, smør og mjølk. Nett nokon fast regel kva dei skulde gjeva var det ikkje, fekk "gje etter råd og hjartelag." Men her tok folk i, for dei trong gjerna hjelp att, og "idag deg imorgon meg."

40. At maten, t. d. smøret skulde pyntast veit eg ikkje av.

41. Bemannen samla visst ikkje inn mat, folk kom med det sjølve.

42. Sendingi kallast fødre.

43. Husbondsfolket - mann og kona kom med sendingi.

44. Alle kom ikkje på ein gong med fødre, dei fekk mat når dei kom, so gjekk dei att. nokon bera fødre-fest har eg ikkje høyrt um.

45. Eg har ikkje høyrt at noko vart sendt heimatt før etter brudlaupet.

46. Det var ho - eller dei - som stod for matstellet i laget, som stod for heimattsending og.

47. Fleire dags brudlaup er det slutt med. Brudlaupi varer ein dag no, dei som kan vera att til andre dagen, er foreldre, systkin, i tilfelle dei ikkje kan nå heimatt. I heile dette hundraåret har det vorte meir enkelt med brudlaupslagi. No kjem ikkje gjesterne med slike mengder med fødre helder. Det er mjølk til drakk og rjome til graut, som folk kjem med enno.

48. Brudlaup på hotell vert ikkje halde, for her er ikkje hotell i bygdi. Men folk har vore til byen og vorte vigde, og halde lag då dei kom heimatt.

49. Ja, sume har reist til byen og vorte vigde, utan å halda brudlaups, korkje "åv" eller heima.

50. <u>Då</u> vert det ikkje brudlaupsgavor.

8352

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

51. Fest på brudlaupsdagen – årsdagen for brudlaupet, er vorte berre for 25 og 50 år. Mein høgtid er berre for foreldre og born.
Gravøl, sjaund, kjun, gravferd.

52. Her var det so at næraste gardane var ei "grend", som fekk samla til gravferd. Stort sett var det same gardane ein rekna til grendi både til dugnadsarbeid og gravferd. Det var dei folki dei mest hadde samkvame med. Til gravferd vart dei bedne av han som var husbond i heimen til den avlidne.

53. Gravferdi vara ein dag. Der var tri bordsetor, ein morgon fyr dei bar liket or heimen, når dei kom att frå kyrkjegarden, og eitt velfors elder sløkningsmål, fyr folket for heim.

54. Fyrste gravferdi eg hugsar um, slutten av 1880 åri, var det smør, supa og flatbrød, um morgon, lutafisk og rjomegraut til middag, kjøtmat og Drande til kvelds. No er det kaffimat um morgon, lutefisk og graut til middag, elder kjøtmat, og kaffimat til kvelds. Det med eg minnest hev gjestene sete ved langbord.

55. Nokon sers mat som ikkje skulde nyttast i gravferd hev eg ikkje høyrt um.

56. Nei, ikkje sers namn på middagen i gravferd.

57. Solangt eg kjenner til var alltid matstellet ved gravferdi i heimen. Samleingi um kista kunde i sume tilfelle vera i kyrkja, men det er helst nyare skikk.

58. Sendingar som mjølk kom gjerna dagen fyre gravferdi. Rjome kom dei ofte med gravferdsmorgonen.

59. Sers pynt og pakking var ikkje med sendingane.

60. Ikkje noko kalas for dei som kom med sendingar dagen for gravferdi.

61. Same slags mat og same slags skipnad anten den avlidne var gift elder ugift.

62. Dei gamledags fleire dags gravøl – dei siste eg hev høyrt um var frå tidi kring 1860 – var vel

8352

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

noraast merkte av heimabrygg. Og ålet var det og ofta
som heldt laget ihop. Dei som var ålkjære - og det var
mange den tid - kunde ikkje fara heim før åltunna
var tom. Ved ei gravferd i 1860 skulde ein Haugianar
vera fyrestandar - takka av -. Styrarane av gjestene
kom til gravferdsstova kvelden før. Der var bryggja,
og då fyrestandaren kom var folket so fulle at fyre-
standaren neitta å takka av. Haugianaren var
sjølv, ein sers varsam mann, med ålet, og dette
hende tok han so sterkt, at vonarfør slutta han
heilt med all rusdrykk. Og det gjorde sitt til, at
brygging til gravferd slutta og.

63. Alkoholbruket minka etter at heimabryggingi
slutta.

64 Heimabrygging heldt seg lengst ved brudlaupi.
Gamaldags sending heldt seg i mange høve endå.
Ja, sending av kjøt og smør, til allslags veitle, var
slutt med fyre 1900.

65. Matstellet i gravferder er no: Kaffimat um morgonen,
anten kjøtmat, eller lutefisk og rjomegraut til
middag, kaffimat til kvelds målet, og gjerna Dravle.

66. Inkje alkohol til gravferder no

67. Inkje middag på hotell.

68. Skriftleg innbjoding til gravferd vert inkje
brukt til andre enn langfarande folk.

69. Aversera dødsfall i bladi er kome på dei siste
10 - 12 åri.

Nye festar.

70. Nokon tradisjon um kva ein skal ha til mat
17 mai er her inkje. Frå 1890 åri var det
Rjomegrautfestar. Det heldt seg - i det store og heile -
fram i 1900 talet og. So seig kaffien inn. No
og til vil folk ha noko betre, og då lagar dei
til Dravle, likevel lyt kaffien vera med.

71. Morsdagen veit eg inkje um vart høgtida før

8352

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Kring midten av 1920 åri. Då var det helst festar i grendi, elder skulekrinsen. No vert morsdagen högtida i heimane og med gåvor til mor, og so skal morsdagen vera kviledag for mor. Det er i fleire heimar morsdagen vert högtida soleis.

72. Farsdagen högtidar visst ingen, eg veit ikkje av det.

73. Vaksne döttrer, ja döttrer som gjeng i barneskulen, lagar gjerna ei kaka til morsdagen. Det vert helde gjeve eim kjöpekaka. Elles er der ikkje faste matrettar til dagen.

74. Bakar er her ikkje på staden, og um bakarar lyser i bladi um kakor til det og det, so lagar folket her slikt likegodt sjölve

75. Morsdagen kom til bygdi med gjentor som hadde vore utanom bygdi på tenest, og so drog dei skikken heimatt med seg.

Kuriosum:

Kunde vore leke med for, men forsömde det.

Ein mann var so glad i kjömegraut at han var mest ikkje plattig. Han hadde mange born, og der vanka både tidt og mykje kjömegraut til barnsengkona, og det var ekte graut. Mannen åt no broparten og kanhenda vel det av kjömegrauten. Kona totte han etla henne i knaudaste laget, men han bröytsla henne: "Da eg et heo du godt hå."

Plattig. Kunde ikkje platta seg, måtte ha det sosaut det var nokor råd.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING